

Medlemsmøte i LOP Rogaland Sør 19.10.22

Så flott - om lag 120 frammøtte til LOP Rogaland Sør sitt medlemsmøte!

Etter velkomsthelsing frå leiar Bjørg Brekke Sørskog, fekk nyleg pensjonert seniorrådgjevar, lækjar, spesialist i allmenn- og samfunnsmedisin Hans Petter Torvik ordet.



Han kom med ei klår og informativ orientering om C 19 og andre pandemiar. Mange presiseringar: F.eks. inkubasjonstid er tida frå ein blir smitta til sjukdomen bryt ut, medan latenttid er tida frå ein er smitta til ein smittar andre, som er 2-3 dagar kortare. Difor er det så overmåte viktig å få aktuelle, evt. smitta i karantene. Ein pandemi er ein verdsomspennande epidemi. Dei 10 viktigaste pestane er: Polio, gulfeber, HIV, tyfus, tuberkulose, malaria, kolera, influensa og kopper. Særleg alvorleg er det når virus muterer (endrar seg) og nye vaksiner må produserast. Ei stor utfordring er det

også når virus har overgang mellom menneske, dyr og økologi.

Difor: God sanitet! God hygiene! Avstand! Reiseaktivitet er særleg med på å spre smitte! Covid 19 er nå aukande i Europa! Fleire blir smitta nå, men færre blir innlagde på sjukehus. Lækjaren viste her til vaksineprogram og tilrådde det sterkt. Alle tiltak må alltid vurderast opp mellom føremon og ulempe, for individet så vel som for samfunnet.



Etter eit glimrande foredrag og påfølgjande matøkt, var det godt å senke skuldrene og lytta til harpemusikk frå Elzbieta Dabrowska, utøvande musikal og musikkpedagog frå Krakow.



Til slutt kom nestleiar Aase Brit Borsheim med ein tydeleg appell om medlemskap og verving. Sosial aktivitet er kjekt, men det aller viktigaste er LOP sin kommunikasjon med sentrale styresmakter. Særleg må vi verne om vår tenestepensjon! Men også vere på vakt vedrørande statsbudsjett og folketrygd. Deretter fekk alle skriv med gode argument for medlemskap i LOP.

Referent: Gunnstein Emmerhoff